

# Voss Utferdsdag



## Midtsommartur 2015 - rapport

Det vart folkefest på Post/Kongevegen mellom Bolstad og Evanger sundag 28. juni.

Det var tydeleg at det var mange som ville vera med på turen alt frå starten på Holbergs plass. Folk strøymde til, og fire bussar med forventningsfulle turdeltakarar drog ut klokka 0930. Mange kom til under vegs.

Etter første steg ut av bussane på Horveid, vart me møtt av fengjande toradarspel frå tre røynde Vossadamer. Dei sette turdeltakarane i godt humør. Jostein Forthun innleia turen med å fortelja om fakta og segn. Sverre Kvitne var turleiaren som skulle setja tempoet til ein behageleg tur til Bjørgo.

Me passerte Hovmannafossen, som har fått namnet sitt etter ein hirdmann rømde med ei kongsdotter inn Bolstadfjorden. Dei klatra opp til eit fælt flogeberg ved ein foss. Ingen våga å fylgja etter. Fossen vart først kalla "Hoffmannafossen". No står trappgangen i Storestigen for tur, bygd av staten i 1880-åra.

I jamt tempo og på god sti nærmar me oss Glufsegelet som stuper rett ned i Evangervatnet. Inne på Bjørgo vart det full fest, med musikk og mat. Tre Kokker hadde laga ei nydeleg betasuppe servert med brød til. Etter saltmaten kom det kaffi og kvit dame på bordet. Borna kunne leska seg med frisk juice.

På Bjørgo fekk alle dei 230 deltakarane meir underhaldning av toradardamene Hilde Knapstad, Liv Johanne Rode og Inger Helen Rode. Meir trivnad fekk me med songkoret Bygdaklang som serverte oss gode tonar. Me fekk høyra fleire fine songar som skapte god stemning. Det heile vart perfekt avslutta med Vossasongen som allsong.

Etter mykje god mat og drikke tok me fatt på motbakkane mot Vindeggi.

Turveret denne dagen var det me kallar perfekt. I jamn stigning gjekk me inn Bjørgadalen og fylgte sti langs Ørevikelvi til bru inst i dalen. Her tok me fatt på noko tyngre stigning opp til Vindeggi 540 m.o.h. Mange hadde no fått sveitten fram, og våte trøyer vart bytta med tørre. På Vindeggi hadde me ein god pause. Her oppe fekk me auga på regnet som kom frå vest, men på oss vart det med nokre få dråpar. Me gjekk vidare i austleg retning gjennom bjørkeskogen til Fadnesstølen. Her var det så seint som i 1950 kyr på stølen.

På fjellgarden Brunborg fekk me eit historisk tilbakeblikk av den einaste fastbuande



# Voss Utferdslag

Anders Brunborg.

På god sti i bratt terreng tok me oss ned til Forvoene i Teigdalen der bussane venta.

Voss Utferdslag takkar Sparebanken Vest, Avisa Hordaland, Hordaland

Fylkeskommune og Voss kommune for støtte i arbeidet.

Voss Utferdslag takkar også alle hjelparar og turleiarar, med ei særskild takk til Arne Østerbø som stilte Bjørgo til disposisjon, for at arrangementet vart svært vellukka.

Takk for turen til alle som vart med!

Bjørn Grande

Tekst/foto: Bjørn Grande